



STORTINGET

Representantforslag 79 S

(2025–2026)

frå stortingsrepresentantane Trine Fagervik og Kjersti Toppe

Dokument 8:79 S (2025–2026)

Representantforslag frå stortingsrepresentantane Trine Fagervik og Kjersti Toppe om gratis legemiddel på kvit resept for barn opp til seks år

Til Stortinget

Bakgrunn

Legemiddel til små barn er ein spesielt sårbar del av legemiddelmarknaden. Små barn har problem med å svelge tablettar og er avhengige av miksturar. Mikstur er ei legemiddelformulering som er meir komplisert å produsere, transportere og oppbevare. Samtidig er salet i volum lite, og innteninga for legemiddelindustrien blir svært avgrensa.

Dette har over dei siste åra ført til at ein har mista ei rekke legemiddel i eigne barneformuleringar. Denne utfordringa har vore forsøkt bøtt på, og Direktoratet for medisinske produkt (DMP) har i nokre tilfelle akseptert høgare pris på produkt med barneformuleringar. Dette har ført til at ein har fått nokre nye produkt på den norske marknaden. Samtidig ser ein at prisen i nokre tilfelle blir så høg at mange legar kvir seg for å skrive dette ut.

Eit døme er flukloksacillin-mikstur som er tilrådd behandling til barn mot stafylokokkinfeksjon i hud og blautvev. Ei flaske på 100 ml kostar over 1 000 kroner. Ofte trengst to flasker og rekninga blir då stor for foreldra. Til samanlikning kan vaksne med same problematikkk bli behandla med dikloksacillin-tablettar der kuren kostar omlag 240 kroner. Det er altså svært mykje dyrare behandling for barn enn for vaksne, og barnefamiliar må betale denne prisen. Legar kan kvi seg for å skrive ut

slik medisin av omsyn til legemiddelkostnaden, og alternativet vil kunne vere å skrive ut billegare, men meir breispektra antibiotika til små barn. Auka bruk av breispektra antibiotika er uheldig fordi det kan bidra til auka antibiotikaresistens.

Med dagens regelverk er det berre legemiddel brukt til behandling av langvarige og kroniske sjukdomar som kan få førehandsgodkjent refusjon (blåreseptordninga). Det betyr at ei rekke dyre miksturar til barn som ikkje har kroniske sjukdomar, ikkje vil kunne finansierast gjennom denne ordninga. Andre land har løyst dette ved å gjere legemiddelbehandling til barn gratis eller sterkt subsidiert. I Sverige er flukloksacillin-mikstur skriven ut til barn under 18 år gratis, mens han er sterkt subsidiert i Danmark.

Situasjonen i Noreg er krevjande av minst to grunnar:

- 1) Barn får ikkje den medisinen som er best mogleg for dei på grunn av økonomi.
- 2) Dagens ordning kan bidra til utvikling av antibiotikaresistens.

Eit hovudmål i Nasjonal én-helse strategi mot antimikrobiell resistens 2024–2033 er å sikre tilgang til nødvendige antimikrobielle middel. Smalspektra antibiotika skal vere førsteval for behandling av mange bakterielle infeksjonar. Dette målet må også gjelde for barn, og barneformuleringar av slik antibiotika må vere tilgjengelege for alle.

Legemiddel til barn er i dag gratis om dei er lagt inn under blåreseptordninga. Men legemiddel til barn er ikkje gratis om legemiddelet er skriven ut på kvit resept. Utgifter til medisin på kvit resept tel heller ikkje med i berekninga for frikortgrensa.

Eit av hovudmåla i legemiddelpolitikken er å gi likeverdig og rask tilgang til effektive medisinar for alle. Dette målet må også gjelde for barn. Å sikre barn rett legemiddelbruk er svært viktig. Difor er dagens situasjon bekymringsfull. Barneformuleringar må sikrast i marknaden. Foreldra sin økonomi må ikkje vere avgjerande for om eit barn får den mest optimale medisinen. Svært dyre medisinar på kvit resept til små barn vil vere i strid med målet om likeverdige helsetenester til alle, uavhengig av økonomi.

Ein kan rette på situasjonen til dømes ved å gjere visse typar legemiddelformuleringar (miksturar) gratis. Det mest føremålstenlege og minst byråkratiske kan vere å gjere alle legemiddel på resept til barn gratis eller sterkt subsidierte, slik som i Sverige. Ein kan til dømes

starte med å sikre gratis legemiddel på kvit resept for barn opp til seks år, sidan det i hovudsak er små barn som treng eigne barneformuleringar (miksturar) og ikkje klarar å svelge tablettar.

Forslag

På denne bakgrunnen blir det fremja følgjande

f o r s l a g :

Stortinget ber regjeringa endre regelverket slik at legemiddel på kvit resept blir gratis for barn opp til seks år for å gi lik tilgang til rett medisin, og komme tilbake til Stortinget med eventuelle naudsynte forslag.

6. januar 2026

Trine Fagervik

Kjersti Toppe

